



Festidalen har sendt ut ein artikkel med oppmoding til andre distriktsfestivalar om å gje uttrykk for det same. Den lyder slik:

Utan bønder, inga bygd. Utan bygda, ingen bygdafestival. Utan bygdafestival, ingen moro. Utan moro, huff olg huff. Festidalen elsker bønder.

Har du vore på landsbygda i Sverige? Såg du mange festivalar der? Såg du anna kulturliv? Såg du liv i det heile? I Festidalen fryktar vi at regjeringa sitt tilbod i landbruksoppgjere vil få konsekvensar også for andre enn bøndene, og vil uttrykkje vår støtte til bondeorganisasjonane.

Som publikumar på Festidalen tok du steget inn i ei eventyrverd, ei verd av nyslegne bøar og velstelte gardar, dette er bøndene si verd og du passerar Olav sine sauar og Hans Reidar sine kyr som sleikar i seg feitt gras på veg opp til festivalinngongen, du handlar billetter ved Helene sin gardsbarnehage. Velkommen til distriktsnøreg.

Inne på festivalområdet handlar du deg ein hamburgar, denne er laga av Margun sine kalvar og grisane til Una, eller ei hjortepølse frå Kurt Eivind og Bjørg Inga sin produksjon av gardmat på Friheim. Vi veit at desse dyra har hatt det bra der dei har tusla ikring og maula gras i solvendte lier i Uskedalen, det betyr noko for oss å vite dette. Etterpå et du den økologiske isen som Øystein lagar heime på garden.

Så stillar du deg opp og ser scena og festivalområdet og du tenkjer at dette er vakkert, dette er livskvalitet. Vel, det er bøndene som har hjulpe oss med

dette. Det er Magne som eig garden, Steinar med traktoren, det er Haugland Maskin som kje køyrande med eit lass med grus når vi treng det, det er Steinar igjen med hammaren, det er Johannes med gjerda, og det er Steinar endå ein gong.

Bønder, heile hurven, same kvar du vender deg. Om du ser opp dalen, ser du dei nyslegne bøane som blenkjer i ettermiddagssola og du minnst landskapet i Postman pat. Bønder.

Bønder, Av den skikkelege sorten. Slike som tek vare på landskapet og som gjer det verdt for andre å tilbringe tid her. Dette i lag med hambugaren og det lokalproduserte ølet får deg til å tenkje at det bur driftige folk her, og det har du heilt rett i. Faktisk er sjølve festivalen eit resultat av denne skaperkrafta og dette livsmotet. Vi fryktar at det er dette som står på spel no. Skaparkrafta og livsmotet.

Kjære Sylvi. Har du nokon gong sett ei løe med lause bord og der målinga flassar av ? Ingenting er så trist som det..